

IDRETTSMINNE

Lyckliga gatan

Vi skal til året 1968, nærare bestemt til februar månad. Vi sit i bilen til Arne Lade på veg til Skodje. Det er søndag og målet for turen er skirenn. Arne køyrer stødig, men sakte. Sakte fordi det snør. Tett i tett, så vidt viskarane held unna. Temperaturen er på minussida. Og godt er det, tenkjer nok dei som om litt skal smørje ski til Velledalen IL sine håpefulle.

Dampande atmosfære. Ein knapp halvtime etter Magerholm tek Arne av til høgre opp ein bratt bakke der det er tillaup til trafikalt kaos. Vi er tydelegvis framme ved basen for rennet; ungdomshuset på Skodje. Utstyret vert lasta ut, startnummer henta, ei lita mataså og skiene klargjorde. Inne på ungdomshuset er det vått på golvet, men elles ei lun, dampande atmosfære. Gjennom kraftige høgtalarar vert dei siste slagerane spela, dei "heitaste" - som eksempelvis "Lyckliga gatan" - omatt og omatt i løpet av dagen.

Vi er klare for renn. Klasse gutar elleve år startar fyrst, så ti år og deretter løparar under ti år. Eg får startnummer éin og skal opne heile rennet. Utgjort, akkurat denne dagen med attsnøa løype og særdeles laust for stavgata. Eg gjennomfører greitt under vanskelege forhold til tredjeplass av ni deltakarar med tida 12.30. Lenger enn vanleg bak dei to beste, Halvard Eilertsen og Anton Flemsæter, men pytt kva gjer vel det på ein slik dag.

Så er det å vente....., vente på at alle skal kome i mål, på premieutdeling og meir "Lyckliga gatan".

Heimvegen. Etterpå er det å finne bilen til Arne. Den er sjølvsagt godt nedsnøa og må gravast fram, før vi kan gi oss i kast med heimvegen. Framleis med eit konstant gråkvitt teppe framom oss og med viskarane på "høggir." Men heimatt kjem vi. Og fyrst då vert vi klar over kor mykje det har snøa denne søndagen, 18. februar 1968. Til akkompagnement av "Lyckliga gatan" inne i hovudet kjempar eg meg gjennom siste snøfonna og kjem meg innomhus. Mekan har eg aldri i mitt unge liv opplevd.

Snøskred. Morgonen etter ringjer telefonen på eit tidspunkt den aldri pla ringje. Kva klokka er veit eg ikkje. Dessutan er det straumlaust. Bodskapen er trist. Ei fonn har teke huset til Melchiorson på Hjorthol. Ein heil familie er råka, dalen i sjokk og litt seinare kjem meldinga som synleggjer alvoret i situasjonen ... Tapet av Bengt - ein skulekamerat - er smerteleg for oss alle.... Like brått som den kom, vart "Lyckliga gatan" borte.

PS. Jan Bolstad kom på 2.plass i G 10 år, og Bjørn Lade på 1.plass i gutar under ti år i dette rennet.

Atle Hole

Alle kjenner kanskje til songen "Lyckliga gatan", som vart sunge av Anna-Lena Löfgren? Her er heile teksten. Den tåler å bli friska opp att.

Minnena kommer så ofta till mej
nu är allt borta, jag fattar det ej
borta är huset där murgrönan klängde
borta är grinden där vi stod och hängde
Lyckliga gata,

du som varje dag hörde vårt glam
en gång fanns rosor
här där nu en stad fort växer fram

Lyckliga gatan du finns inte mer
du har försvunnit med hela kvarter
tystnat har leken, tystnat har sången
högt över marken svävar betongen.
När jag kom åter var allt så förändrat,
trampat och skövlut, fördärvat och skändat.
Skall mellan dessa höga hus
en dag stiga en sång
lika förunderligt och skön som den vi hört en gång?

Ja allt är borta, det är bara så
ändå så vill jag nog inte förstå
att min idyll, som ju alla vill glömma
nu är en dröm som jag en gång fått drömma
Allting är borta, huset och linden
och mina vänner skingrats för vinden.
Lyckliga gata, det är tiden som här dragit fram
du fått ge vika nu för asfalt och för makadam.

Lyckliga gatan du finns inte mer
du har försvunnit med hela kvarter
tystnat har leken, tystnat har sången
högt över marken svävar betongen.
När jag kom åter var allt så förändrat,
trampat och skövlut, fördärvat och skändat.
Skall mellan dessa höga hus
en dag stiga en sång
lika förunderligt och skön som den vi hört en gång